



Arbeidet med grøfta til venstre for gjerdet startar no.

i morgon startar truleg entreprenøren som har fått jobben med graving av 140 meter grøft for spillvatn og overvatn sentralt i Uskedalen. Det er firma K. Hjelmeland i Dimmelsvik og dei er ein tanke forseinka i høve til planen.

Planen gikk ut på start i veke 41 - altså denne veka - og venta avslutning i veke 45.

Grøfta startar ved det nye bygget til Kvinnherad Vekst (tidlegare AFA), følger fylkesvegen ein bit og går eå langs den mykje omtala vegen ned til oppvekstsenteret.

Planen var opprinneleg å legge ein etterlengta gang- og sykkelveg oppå grøfta med leidningane for vatn og kloakk, men det droppa rådmannen i tolvte time på grunn av kostnaden.

Så spør det om denne delen av prosjektet likevel lar seg realisera no eller seinare?
Det ynskjer ingen i kommunen som uskedalen.no har hatt kontakt med å meine noko om i dag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Kummane står klare for ledningsnettet.